



Statens vegvesen

ATR Eiendom AS
v/ Tommy Gulbrandsøy
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:
2011/187391-015

Dykkar referanse:

Vår dato:
29.09.2015

NH Næringspark - Mellombels anleggsavkøyring og løyve til opparbeiding av nytt kryss og næringsområde for Nordhordland Næringsområde på Eikanger i Lindås kommune.

Vi viser til Dykkar e-post av 25.09.15 der De ber om vår uttale til korleis løyve til igangsetjing av grunnarbeid med opparbeiding av nytt kryss til E39 og opparbeiding av næringsområdet skal handsamast i forhold til mellombels anleggsavkøyring til området og gjennomføringsavtale om opparbeiding av m.a. nytt kryss til næringsområdet og gang- og sykkelveg langs E39.

Frå Statens vegvesen si side er det gjeve førehandstilsagn om opparbeiding av mellombels anleggsavkøyring i inntil 6 månader frå anleggsavkøyringa er opparbeidd og godkjend av Statens vegvesen. Arbeidet med anleggsavkøyringa kan starte på grunnlag av førehandstilsagnet under føresetnad at det vert avklara med Vegseksjonen Nordhordland, Midthordland og Sunnhordland korleis arbeidsvarslinga skal utførast.

Når dette arbeidet er gjennomført og endeleg løyve for anleggsavkøyringa er gjeve har Statens vegvesen ikkje merknader til at grunnarbeid i sjølve næringsområdet kan tillatast.

Vi vil presisere at før arbeid med opparbeiding av permanent kryss til næringsområdet og gang- og sykkelveg frå Eikangervåg til næringsområdet kan tillatast må det vere inngått ein gjennomføringsavtale med Statens vegvesen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Kopi: Lindås kommune, Byggesak, Kvassnesveien 20, 5914 Isdalstø
Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@veqvesen.no
Orq.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks: